



Slik ligg det aktuelle området no. Riksvegen til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det store området vest for Geilo og nord for riksvegen midt i Uskedalen ligg også i år og ventar på ein slåttekar.

Det seier fleire som har teke kontakt med uskedalen.no og som har irritert seg over at området ikkje er slått. Det vart det heller ikkje i fjor, påpeikar dei.

Dei minner også om at alle dei omkringliggende jordane og hagane – på begge sider av riksvegen – er fint slått og pleia. Difor skil det området det gjeld seg sterkt ut.

Det har ikkje lukkast uskedalen.no å få kontakt med grunneigar.